

## Sterk storm i natt og synlege skader.

09.11.2017



Den eine langveggen på ballbingen i Korsneset er riven frå fundamentet og lagt flat.

**Det er målt vindstyrke 28,6 sekundmeter på målsetasjonen til Kurt Haugland i Korsneset i natt. Det utgjer sterk storm. Tidspunktet var kl. 04.30. Frå kl. 24.00 til kl. 07.00 kom det 30 mm nedbør. Rekorden på eit døger er 100 mm. Det er fleire synlege skader i Uskedalen etter den sterke vinden i natt. Uskedalen.no er takksame om de sender oss nokre ord med bilete frå uveret.**

Full storm går frå vindstyrke 24,5 til 28,4. Sterk storm: 28,5 til 32,6. Over 32,6 sekundmeter vert rekna til orkan. Av registrerte skader ser vi at den eine langveggen i ballbingen i Korsneset er blåste over ende. Kleskontainaren ved Gamleskulen er velta og flytta fleire meter frå der den var plassert.

På Jonatangen i Rosendal er vindstyrken målt til 30,0 sekundmeter. Målingane syner at vinden stilna i 07 tida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kleskontainaren ved Gamleskolen er velta og flytta fleire meter.